

Eksamen

28.05.2018

LGA2001 Produksjon og tenesteyting / Produksjon og tjenesteyting

Programområde: Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnarnæring

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varar i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	I vurderinga blir det lagt vekt på at du kan vise praktisk og teoretisk kompetanse innan ein naturbasert produksjon. Du må kjenne arbeidsoppgåver knytte til produksjonen, vurdere kvalitet og lønsemd, kjenne lover og reglar, vedlikehald av maskiner og utstyr, vurdere risiko og korleis ein kan arbeide med helse, miljø og tryggleik og drøfte aktuelle tiltak i forhold til miljø og energiøkonomisering.

Oppgåve

I denne oppgåva skal du ta utgangspunkt i ein naturbasert produksjon som du kjenner.

- a) Gje ei skildring av årssyklusen i produksjonen. Kva for arbeidsoppgåver er viktige i produksjonen til ulike tider av året?
- b) Gjer greie for kva som er god kvalitet i produksjonen.
- c) Kva er særleg viktig å legge vekt på gjennom året for å få best mogeleg kvalitet og lønsemd?
- d) Nemn lover, reglar og sertifiseringsordningar som er viktige i produksjonen.
- e) Kva for maskiner og teknisk utstyr er særleg viktig i denne produksjonen?
- f) Ta for deg ei maskin eller teknisk utstyr som er viktig i produksjonen og forklar korleis ein driv vedlikehald av maskina/utstyret.
- g) Vurder risiko knytt til helse og miljø. Gje ei skildring av korleis ein kan drive systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik i produksjonen.
- h) Foreslå miljø- og energiøkonomiseringstiltak innan produksjonen.
- i) Drøft framtidige utfordringar og moglegheiter innan produksjonen.

Bokmål



Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	I vurderingen blir det lagt vekt på at du kan vise praktisk og teoretisk kompetanse innen en naturbasert produksjon. Du må kjenne arbeidsoppgaver knyttet til produksjonen, vurdere kvalitet og lønnsomhet, kjenne lover og regler, vedlikehold av maskiner og utstyr, vurdere risiko og hvordan en kan arbeide med helse, miljø og sikkerhet og drøfte aktuelle tiltak i forhold til miljø og energioptimalisering.

Oppgave

I denne oppgaven skal du ta utgangspunkt i en naturbasert produksjon som du kjenner.

- a) Beskriv årssyklusen i produksjonen. Hvilke arbeidsoppgaver er viktige i produksjonen til ulike tider av året?
- b) Gjør rede for hva som er god kvalitet i produksjonen.
- c) Hva er særlig viktig å legge vekt på gjennom året for å få best mulig kvalitet og lønnsomhet?
- d) Nevn lover, regler og sertifiseringsordninger som er viktige i produksjonen.
- e) Hvilke maskiner og teknisk utstyr er særlig viktig i denne produksjonen?
- f) Ta for deg en maskin eller teknisk utstyr som er viktig i produksjonen og forklar hvordan en driver vedlikehold av maskinen/utstyret.
- g) Vurder risiko knyttet til helse og miljø. Beskriv hvordan en kan drive systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerhet i produksjonen.
- h) Foreslå miljø- og energiøkonomiseringstiltak innen produksjonen.
- i) Drøft framtidige utfordringer og muligheter innen produksjonen.



www.vigoiks.no/eksamen